



Knut Johannessen
Åmundsdalen 60
5115 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1766 - 14/9813

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.05.2014

Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 215/46 Eidsnes ytre.

Vedtak

Kommunen gjev i samsvar med Forskrift om begrensing av forurensing kap. 12 utsleppsløyve for 1 fritidsbustad, 2 pe, i samsvar med søknad motteke 23.01.2014 med supplerande dokumentasjon motteke 07.04.2014.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø, jf kart datert 03.06.2013.

Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.

Det skal betalast årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf forureiningslova § 7.

Saksutgreiing:

Det er søkt om utsleppsløyve frå fritidsbustad på gbnr 215/46 i samband med at det er søkt om tilkopling til kommunalt vassverket. Det skal installerast vassklosett i bygget.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Avlaupet skal koplatt til eksisterande avlaupsleidning frå eigedomen gbnr 215/56 som igjen er kopla til eit felles avlaupsanlegg for eigedomane gbnr 215/20, 48, 49 ,50 og 51 som går til sjø. Eigedomen skal ha eigen slamavskiljar som er plassert på eigen grunn.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje registrert nabomerknader.

Det ligg føre erklæring med løyve til å nytta eksisterande avlaupsleidningar og til å leggja leidningar over gbnr 215/5.

Utsleppet sin storleik er oppgitt til 2 pe.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonskart datert 03.06.2013.

Det er køyreveg fram til eigedomen.

Tiltaket ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål og innanfor byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø. Løyve til dispensasjon er gjeve i eige vedtak.

Det er søkt om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Løyve er gjeve i eige vedtak.

Vurdering:

Avlaupet frå eigedomen skal førast til tilfredsstillande sjøresipient. Reinseløysinga krev slamtømming og eigedomen skal knytast til kommunal slamtømmeordning. Det vert vurdert at slamtømming er mogleg innanfor vilkåra for den kommunale slamtømmeordninga (100 m frå køyrbar bilveg og maksimum 8 m løftehøgde). Slamavskiljarar tilknytt fritidsbustadar skal tømmast ikkje sjeldnare enn kvart 4. år, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

I Naturbasen er sjøområdet registrert med naturtypen blautbotnområder i strandsona og med yngleområde for fiskemåse og andefugl. Omsøkte utslepp vert vurdert til å ha liten verknad i høve registreringane i naturbasen.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering å kunne gje utsleppsløyve som omsøkt.

Gebyr:

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

17.3.2.a)	Utslepp kalkulert til < 50 pe	1	Kr 4 200,-
	Totalt å betala		Kr 4 200,-

Bortfall av løyve:

Dersom arbeidet ikkje er igangsatt seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, eller arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Klagerett:

Det er klagerett på vedtaket, jf forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtaket) og kva endringar De som

part ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk drift
Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND

Mottakarar:
Knut Johannessen

Åmundsdalen 60 5115

ULSET